

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 1 — Febr. 1978
11. årgang



Faste — meir enn krembollar?

KYRKJELYSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Ingar Fykse, Harald Haugs-
vær, Magne Songstad, Bjørg Hellesøy.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna,
tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10–11.30.

Torsdag kl. 17.30–19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00–19.00.

Onsdag kl. 10.00–11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse. Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Magne Songstad, Høgatun 16A, Indre Arna.

Tlf. 24 03 42. Treffes etter avtale.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag kl. 17.00-18.00 og onsdag
og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,
tlf. 24 05 69, kontortid mand.–fred. kl. 12.00–13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland
tlf.: 24 01 17.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,
tlf. 24 13 10.

Barnekår hos Gud

«Jesus har sett meg inn i barnekåret sitt, takk skal han ha for det! Alt som er hans, er no med rette også mitt, takk skal han ha for det!»

Slik syng vi i ein barnesang. Har du fått syn for kva denne songen prøver å få fram?

Det starta i dåpen. Då gjorde Gud oss til sine born. Vi fekk del i Jesus og heile himmelriket. Og så vart vi teikna med krossmerke — Jesu Kristi merke — på panna og på bringa. Dette merke skulle vera eit teikn på at vi skulle høyra han til.

Jamvel om det er uråd for tankane våre å skjøna at så store ting kunne skje gjennom dåpen, kan vi likevel ha full tillit til at slik er det fordi vi held oss etter Jesu påbod i Matt. 28. 18-20, dåpsbodet. Sjå og Tit. 3.5.

I dåpen fekk vi Den Heilage Ande. Kva betyr det for oss? At vi kan seia «Kjære Far!» til han som er skaparen av himmel og jord. No treng vi ikkje lenger vera redde Gud slik heidningane er det. Himmelens Gud er gjennom dåpen blitt vår Far, Rom. 8.15.

Men mange bryt ut or dåpspakta si. Og så lever dei eit liv utan samfunn med han dei ein gong blei døypte til. Men mange ønskjer etter ei tid å koma tilbake til Gud. Då spør dei seg: Vil Gud ta imot meg når eg no igjen kjem til han?

Guds ord svarar klårt på dette. Sjå t.d. kor fint Jesus har skildra den bortkomne sonen i Luk. 15.

Vegen til Gud første gong og alle gonger går gjennom Jesus Kristus, Joh. 14.6. Gud tek alltid imot oss når vi kjem gjennom Jesus. Joh. 1.12.

Det gjeld berre at vi kjem.

Bibelen er full av utsagn om kva den får som er eit Guds barn. Vi er blitt arvingar til himmelriket, skriv Paulus i Rom. 8.17. Medarvingar med Kristus! «Alt som er hans, er no med rette også mitt», sto det i barne-
songen.

Korleis kan dette gå til? Alt er blitt ordna for oss gjennom Jesu frelsar-
gjerning. «Han (Jesus) som ikkje visste av synd, har han (Gud) gjort til synd for oss, så vi skal verta rettferdige for Gud i han.» 2. Kor. 5.21.

Så er det då for oss berre å ta imot!
«Takk, takk at også eg får vera med.»

H.H.

Ei gåve til kyrkjelydsbladet

I dette nummeret av kyrkjelydsbladet finn du ein postgiroblankett. Dermed bed vi deg om ei gåve til kyrkjelydsbladet. Bladpengane er på kr. 15 for året. Det er ein heilt friviljug sak om du vil betala bladpengar i det heile. Vi set så stor pris på den kontakten vi får med deg gjennom bladet at vi sender det om du ikkje betalar noko. Om du nyttar blanketten er det eit handslag som fortel oss at også du set pris på denne kontakten. Og sjølv sagt kan du gje meir enn 15 kr. eller mindre. Takk for di gåva.

Kva soknerådsformennene er oppteken av:

Olav K. Hesjedal
i Indre Arna

Salmesongen

— *Tilhøvet mellom kyrkja og dei friviljuge organisasjonane i kyrkja har eg alltid opplevd som eit rikt og godt arbeidsfellesskap. Noko konflikt mellom kyrkja og organisasjonane har eg aldri opplevd.*

Det er den nye soknerådsformannen i Arna, Olav K. Hesjedal, som sier dette i ein samtale med Kyrkjelydsbladet. Hesjedal har i ein årrekke vore forkynnar og sekretær i friviljuge kyrkjelege organisasjonar og skulle ha gode føresetnader for å uttala seg om dette.

Han var først i Den Indre Sjømannsmisjon i 15 år og sidan var han sekretær i Norges Samemisjon i ein årrekke. Hesjedal har reist som forkynnar langs heile kysten frå Drammen til Lofoten og Troms. I tida 1968-72 var han styrar for Kau-tokeino fjellstove, som Samemisjonen driv. Frå oktober 1972 har Hesjedal vore fylkessekretær for Kristeleg Folkeparti i Hordaland.

— Har du nokre ønskjer for kyrkje-lyden i Arna?

Per Sæle
i Ytre Arna

Kyrkjelydshus

— Det er von om at ombygginga av gamleheimen i Ytre Arna til kyrkjelydshus kan verta ferdig før påske slik at huset kan verta teken i bruk til sitt nye føremål, seier soknerådsformannen i Ytre Arna, Per Sæle. Enno står det litt arbeid att på huset, mellom anna målararbeidet som vil verta utført på dugnad.

— Det måtte vera at folk verkeleg lærte den nye liturgien i kyrkja slik at dei kunne vera ordentleg med på songane og elles. Om me fekk eindel korallkveldar trur eg at mykje skulle verta vunne. Eg synest songen i kyrkja er svært viktig. Frisk og sterk song gjev gudstenesta eit godt preg. Vi finn mykje godt i salmeboka vår, seier Hesjedal.

— Er du nøgd med den nye liturgien?

— Eg lika bedre den gamle. Men det er vel ofte slik når det kjem nye ting at det vil gå litt tid før me vert vande og fortrolege med det. Særleg er eg skuffa over den nye språkbruken i trusvedkjeninga der det står Guds einaste son istaden for Guds einbårne son. Det ligg noko djupare og meir høgbåre i det siste uttrykket, seier Olav K. Hesjedal.

Konstitueringa i Arna sokneråd er elles gjort slik: nestformann er sokneprest Finn Halle Tvedt, Dagfinn Boge kasserar og Marit Gilje sekretær.

Kyrkjelyden i Ytre Arna vil no få eit stort hus til samlingar utanom gudstenestene. Huset får ein grunnflate på 250 kv.m. i to fulle etasjer pluss loft, og Per Sæle legg ikkje skjul på at det vil verta dyrt å halda.

Det vil no verta høve til å setja igang med fleire aktivitetar for

Forts. side 11

NYE PREIKETEKSTER

Nye tekstrekker i kyrkja vart innført samstundes med ny liturgi for høgmessa. Der er no to faste rekker og ein del tilleggstekster. Evangeliene etter første rekke fell for ein stor del saman med tidlegare første rekke. Nytt er det at ein tekst frå Det Gamle Testamente vil vera med i alle høgmessar.

Frå 1. søndag i advent 1976 til kyrkjeåret var ute i 1977 nytta vi den gamle første rekke. Då vi frå 1. søndag i advent 1977 fekk nye tekster i kyrkja tok vi til på andre rekke. Inntil dei nye tekstene er blitt tilgjengelege for alle, vil vi i kyrkjebladet gjerne orientera alle som er interessert. Derfor tar vi med alle søndagstekster. Vi vil prøva kvar gong å få dette med så langt at det skulle rekke rikeleg til neste nummer av Kyrkjelydsbladet.

26-02: 3. søndag i faste:
2. Sam. 22 v. 2b-7 pluss 17
2. Kor. 12 v. 7-10
Luk. 4 v. 31-37

05-03: 4. søndag i faste:
(Midtfaste)
2. Mosebok 16 v. 11-18
1. Kor. 10 v. 1-6
Johs. 6 v. 24-36

12-03: Maria-messesøndag:
Jes. 7 v. 10-14
Efes. 1 v. 3-6
Luk. 1 v. 46-55
19-03: Palmesøndag:
2. Moseb. 12 v. 21-28
Fil. 2 v. 5-11
Johs. 12 v. 12-24

23-03: Skjærtorsdag:
2. Moseb. 12 v. 3 pluss 5-8 pluss 11
(Herren sa til Moses og Aron da de var i Egypt:)
1. Kor. 11 v. 23-26 (-29)
Johs. 13 v. 1-15

24-03: Langfredag:
Jes. 53 v. 7-12

Mark. 14 v. 26-15 v. 37
Gal. 3 v. 13-14

1. Påskedag: *Ottesang.* (Høgmessetekstene: sjå nedanfor)
26-03: (Der dei harottesang i regelen kl. 8.)
2. Moseb. 14 v. 1-2a pluss 4 pluss 10-16 pluss 21-22 eller
2. Moseb. 14 v. 1-22
Rom. 6 v. 3-11 (Vet dere ikke -)
Luk. 24 v. 1-12

Påskedag: Høymesse:
26-03 kl. 11.
Jes. 25 v. 8-9
1. Kor. 5 v. 7-8
Johs. 20 v. 1-10


2. Påskedag: 27-03:
Salme 16 v. 8-11
2. Kor. 5 v. 14-21
(Kristi kjærleik tvinger oss - -)
Johs. 20 v. 11-18 (Maria vart ståande - - -)
Det er verdfullt å kunna lesa alle tekstene på dagen i samanheng. Kvar lesetekst er med på å understreka eller å visa oss andre sider ved bodskapen i preiketeksten.

F.H.T

FASTE — meir enn krembollar?

Kva tenkjer du på når du høyrer ordet faste? Du tenkjer sikkert på fastelavnsbollar med krem og mykje melis. Men ligg det noko meir i dette ordet som kan vera noko for oss som lever idag?

I Bibelen står det litt om faste. Det står at Jesus fasta i 40 døgn i øydemarka. Moses fasta også. I den tida dei fasta åt dei ikkje, eller i all fall langt mindre enn vanleg. Men er dette noko for oss som lever idag i eit velstandssamfunn? Skal vi la vere å eta eller eta mindre i fastetiden vi snart går inn i? Før vi svarar på det vil vi nemna noko som vi alle bør gjera. Vi bør kvar og ein av oss setja oss ned å tenkja over kva dei ytre ting betyr for oss. Vi bør tenkja etter om alle desse ytre ting vi omgir oss med har makt over oss på ein slik måte at vi er blitt ufrie menneske som vert tyrannisert av tinga våre. Ta til dømes den nye bilen, har den vorte så dyr for deg at du ikkje lenger har tid til å vera saman



med kone og born fordi du må jobbe overtid for å betala avdragene? Korleis er det med trongen etter nye ting? Driv du ein stadig og ustanselig kamp for å få deg nye ting og vert aldri nøgd med det du har likevel? Og korleis er det på jobben — er kampen om prestisje og ære så hard at du gløymer at det er menneske og ein neste som kan trenge din hjelp og omsorg du dagleg omgås på arbeidsplassen?

Om vi er ærlege overfor oss sjølve må vi nok innrømme at dei ytre tinga har stor makt over oss og at vi ikkje er så frie som vi gjerne vil ha det til. Dei

ytre tinga dirigerer livet vårt slik at vi gjer ein masse arbeid for å skaffa oss ting som ikkje er naudsynlege og får oss til å forsøma det som eigentleg er av verdi, slikt som tid for familien, omsorg og fortrolighet med dei vi arbeidar med dagleg. Livet vert fullt av bekymringar over alle verdens ting, snart det eine, snart det andre. Det vert liksom aldri ro, tryggleik og avslapping. Til dette har Bibelen eit einestående tilbod — eit utruleg evangelium for livet her. «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal du få alt dette andre i tillegg.» Slik står det i Bergpreika (Matteus 6,33). Søk først samfunnet med Jesus Kristus. Når du det gjer og har fått dine synder tilgjevne, da har du ein lovnad frå Gud om at han vil syta for deg i alle ting. Her er eit bekymringsfrijdomens evangelium. Gud vil ikkje at du skal vera bekymret. Han vil at du skal tro på han og ta imot alle ting frå hans hand.

Kvifor fastetid?

I kyrkjeåret er fasten dei 6-7 vekene før påske. Fastetida tek til fastelavnsøndag, eller rettare, den fylgjande onsdagen som frå gammalt av har gått under namnet oskeonsdag. I år er denne første fastedagen den 8. februar.

Ordninga med fastetid er nesten like gamal som kyrkja. Alt i det 2. århundre finn vi byrjinga til ei slik tid som skulle hjelpe kyrkjelyden til å førebu seg til påsken.

Når ordet faste vert nemnt, tenkjer vel dei fleste på det å ikkje eta. Men heil eller delvis fråhald frå mat på visse dagar og til bestemte tider, er berre ein del av fasten, og det er heller ikkje den viktigaste. Viktigast i fastetida er den åndelege førebuinga til påsken gjennom meditasjon, bøn og bibelstudium. I tankane skal vi fylgje Jesus på lidingsvegen opp til Jerusalem. Det må på ny bli levande for oss kvifor Jesus måtte gå denne vegen, kva vår frelse har kosta Gud. Sinnet skal stemmast til ettertanke, til undring og takk.

Vi blir minna om at det kostar å fylgje Jesus. Til kristenlivet høyrer forsaking, kamp mot det vonde og synda. Det er framfor alt ei indre, mental førebuing som trengst om påsken skal gje oss ei fordjupa meining til det som hende. Det trengst stilla i sinnet og ro i hjarta så Gud kan få tale til oss.

Men indre og ytre ting heng gjerne saman. Slik og med det vi her talar om. Difor må også fastetida ha ei ytre side. Omlegging av kostvanar i fastetida til dømes, har ikkje noko mål i seg sjølv, men det kan gjerast på ein slik måte at det får ein positiv verknad for ein sjølv og andre. Det er ei kjent sak at delvis fråhald frå mat gjennom ei viss tid, eller til visse tider, hjelper på den åndelege konsentrasjonsevna, det hjelper til

samling av tanke og sinn og inderleggjer bønna. Det står både om Jesus og læresveinane hans at det var tider då dei fasta. Bøn og faste blir gjerne nemnt saman. Faste er altså ikkje ei plikt eller eit påbod, men eit hjelpemiddel. Hjå oss er det truleg altfor lite påakta.

Ein ting til vil eg og nemna. Gjenom mange år har Kirkens Nødhjelp i fastetida hatt gåande aksjonen «Brød for verden». Dei fleste kyrkjelydane i landet er nok med i denne. Fastebøssa på bordet i fastetida høyrer i mange heimar like naturleg med som adventslysa dei siste vekene før jul. Eg hugsar det var ein som sa:

— I fastetida et vi berre brunost på maten. Det vi slik sparar i husholdningsbudsjettet, legg vi i fastebøssa —.

Det var kanskje ingen dum idé? Helsa vår ville sikkert ikkje ta skade om vi tok det litt rimelegare eller enklare med maten nokre veker. Det kunne endåtil vere bra for oss, og enno betre at vi på den måten kunne hjelpe andre ved at vi sjølve forsaka noko. Hjelpa får liksom betre meining då. Det blir offer.

Forbillede og inspirasjon skulle vi henta hjå Han som vi enno ein gong i tankane får fylgje på lidingsvegen for å møte spott, sår og slag, kross og

Over til side 16.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

Brød for verden

Kirkens Nødhjelp går i disse dager igjen ut med sin lille fastebøsse i et antall over 600.000. Fastebøssen har gjennom de senere år blitt et kjært innslag i hundretusener av norske hjem og organisasjonen håper i år på at oppslutningen vil øke slik den har gjort de senere år.

Mange lurer muligens på om Kirkens Nødhjelp etter det strålende resultatet av NØDHJELP 77, trenger enda flere penger. Til dette er det å si at NØDHJELP 77 med sine 54 millioner kroner som resultat var et engangsfenomen. 28 millioner kroner er allerede avsatt eller bevilget til konkrete hjelpetiltak rundt omkring i verden, og de øvrige millioner vil bevilges etterhvert som nye prosjekter godkjennes av styret i Kirkens Nødhjelp.



Selv i håpløsheten i Calcutta's slum er smilet ikke langt unna. Denne piken er en av mange som lærer å lese og skrive på en av Olav Hodne's fortausskoler, — det første skritt på veien til en sikrere framtid. Midler fra Fasteaksjonen 1978 vil bl.a. settes inn i hjelpeprosjektene i Calcutta's slumområder.

Det er greit å forstå at når Kirkens Nødhjelp utvider eller tar opp nye hjelpeprosjekter, vil dette i sin tid kreve økte utgifter i årene framover. Derfor er det på nytt viktig å presisere at stabile og faste inntekter fra år til år fortsatt vil være grunnlaget for Kirkens nødhjelps verdensomspennende arbeide.

NYE UTFORDRINGER
Etiopia og Eritrea
Kirkens Nødhjelp har gjennom to år arbeidet med jordbruks- og utviklingsprosjekter i

Syd-Etiopia. Dette var en direkte fortsettelse av vårt arbeide på katastrofesektoren under sultkatastrofen i Etiopia i 74 og 75.

Nå har situasjonen i Etiopia's nordligste fylke Eritrea stilt organisasjonen overfor nye utfordringer. Her er det gjennom måneder og år utkjempet en borgerkrig med ufattelige lidelser for sivilbefolkningen. Kirkens Nødhjelp har i januar dette år startet et nytt hjelpearbeide blant Eritrea's hårdt prøvede sivilbefolkning.

Over til side 16.

Bibel-samtale-gruppe

Bibelen er bokenes bok. den er Guds ord. Her talar Gud til dei menneske han har skapt for å gjera sin vilje kjent og for å fortelja oss kva han har gjort til vår frelse. Skulle ikkje vi lytte når Gud talar? Gjer deg kjent i bokenes bok.

Vil du vera med i ein bibel-samtale-gruppe. Ta kontakt med ein av desse:

Asbjørn Padøy, Stølsveien, Indre Arna, tlf.: 24 08 87

Trygve Heige Kleppstø, Stølsv. Indre Arna, tlf.: 24 06 65.

Erna Halvorsen, Seimsmark, tlf.: 24 14 47
Harald Haugsvær, Lone, tlf.: 24 08 15

Høyre/høgtalaranlegg

i Arna kyrkje

Denne saka har vorte nemnd både i kyrkja og i pressa den siste tida. Som kjent leverte montøren ikkje anlegget slik som avtalt. Då dette etter ei tid vart avslørt, tok han anlegget ned att og betalte attende det rekninga lydte på.

Heile summen står no trygt på konto.

Ein har med dette mist tid, men pengane er i alle høve klare når soknerådet no skal arbeida med å skaffa nytt anlegg. Eg trur vi kan kjenna oss trygge på at arbeidet med det nye anlegget ikkje vil verta avslutta før alle i kyrkja har fått tenlege høretilhøve.

Tidlegare soknerådsformann
Ingmar Ljones

ARNA-NYTT

Song i 50 år på Haukeland

Haukeland songlag vart skipa 26. februar 1928, og 25. februar vill songlaget markera sitt 50-årsjubileum. Haukeland songlag har no 34 medlemmer. Formann er Eddie Knutsen og dirigent er H. Henriksen.

Unneland Førskule

Fredag 20. januar var det innviingsfest for Unneland Førskule.

Rett nok har førskulen vore igang sidan 22. august ifjor, seier Josef Nesse, formann i Interimstyret, men vi har venta med å markere dette til alt no er kome godt igang. Det er 20 born, fordelt på grupper, i førskulen, som vert drive i samarbeid mellom Unneland Indremisjon og Foreldre-laget ved barnehagen på Unneland. Styrar er Liv Helga Gulestøl.

Familieside



ARNA SOKN

Døypte:

- 1977 27-11 Sturla Herfindal, Tommy Fredriksen
11-12 Raymond Viggo Halland, Oddbjørn Hommedal
25-12 Thomas Reigstad, Hilde Mestad, Solveig-Maria Tunes.
1978 14-01 Kjell Magne Helle, Merethe Hansen, Kristina Djonne, Hildegunn Sætre.
15-01 Elin Jorunn Vik.

Ektevigde:

- 1977 10-12 Terje Nøkling og Torunn Aksdal.
1978 14-01 Rune Vik og Edith Karin Eide.

Avlidne:

- 1977 05-12 Marie Ebbesvik, f. 1896.
22-12 Johan Landås, f. 1889.
26-12 Leif Thunes, f. 1927.
28-12 Borghild Haukeland, f. 1895.


YTRE ARNA SOKN

Døypte:

- 04.12. Per Arne Wilhelmsen, Siren Birkeland.
25.12. Roger Presthus, Andre Christensen.
14.01. Merete Hansen (Arna).

Avlidne:

- 25.12. Harald Hannisdal, f. 1938.
26.12. Sølvi Ytrearne, f. 1945.
19.01. Eugen Ringkjøb Andersen, f. 1904.



Haugland yngreslag

I førre nummer av Kyrkjelydsbladet hadde vi ein omtale av Haugland yngreslag sin tur til Raknestunet. Diverre var bilete falle ut så vi fekk ikkje sjå dei fire smilande yngresane på Haugland, Mildrid, Bodil, Unni-Helen og Astrid. Vi er lei for dette og gjer samstundes ei ny freistnad på å få med biletet. Om det lukkast kan vi sei: Her er dei!

Gudstjenester med bokmåls- liturgi i Arna kirke?

Vi som skriver dette innlegget har i lang tid merket behovet for å ha noen gudstjenester med bokmålsliturgi i Arna kirke. Vi vet at det er fremsatt et ønske om å få en bokmåls-gudstjeneste pr. måned — som vi mener er et rimelig ønske. Det er nemlig mange i vår menighet som har bokmål som sitt morsmål og som foretrekker å bruke denne målformen å uttrykke seg på. Er det ikke rettferdig at også disse kan få være med på gudstjenester med sitt eget språk i sin egen kirke?

Noen av oss har bodd i Arna en stor del av vårt voksne liv og vi vet så vel at dette er en nynorsk menighet.

Men alle vet vi også hvordan innflyttingen har øket på og at dette har ført til at det idag er bokmålsklasser ved alle de større skolene i Arna. Det betyr at langt flere av innbyggerne i Arna har bokmål som sitt naturlige tale- og skrivemål nå enn tidligere. Vi mener det derfor må være rett at kirken også innretter seg etter dette, bl.a.

ved at gudstjenesten en gang i blant blir forettet på bokmål. Har ikke menigheten et ansvar for at språkbruken er slik at alle kan kjenne seg hjemme i kirken?

Saken har allerede vært utredet av en komite nedsatt av soknerådet og vi regner med at den vil bli behandlet i soknerådet i

nærmeste fremtid. Vi synes det er viktig at vi som bruker gudstjenesten og fellesskapet der lar denne saken få arbeide i oss. Ingen av oss vil at denne saken skal føre til en splittelse i menigheten. Det er vårt ønske at saken sees i kjærlighetens lys og at vi kan drøfte den på en rolig og verdig måte.

Indre Arna, 10. januar 1978
Gerd og Per Arne Gulstad, Trygve Helge Kleppstø, Borgny og Willy Knudsen, Betzy og Einar Kristiansen, Aud H. Nilsen, Jan Marius Olsen, Berit og Gunnar Ødegård.

Overg. fra side 4.

kyrkjelyden, seier Per Sæle. I to år har ein privat barnehage halde til i kyrkjelydshuset. Fleire foreiningar vil no ha sine møte der. Det vil og vera lettare å ha kyrkjekaffe etter gudstenestene. Kyrkjelydshuset vil sikkert også verta nytte ein del i konfirmantundervisninga. Det er og

sett av rom til prestekontor. I kyrkjelydsbladet kjem vi med meir stoff om kyrkjelydshuset i Ytre Arna i samband med innviinga.

Soknerådet i Ytre Arna har konstituert seg på denne måten: Per Sæle, formann, Brynjar Rismyhr, nestformann, Tormod Hanstvedt, sekretær og Aud Else Eikerol, kasserar.

Unge Hjem i Arna

Onsd. 1. mars.: «Samlivsfor-
mer» ved Borgny Knutsen.

Onsd. 5. april: «Kjøpepresset»
ved lektor Kjelfrid Kjær Sme-
mo.

Lørd./Sønd. 20./21. mai: Vi
satses på Weekendtur til Sæter-

vika.
Alle møtene holdes på Adna-
marka skole (tilfluktsrommet)
kl. 20.00.

Hjertelig velkommen
i et kristent miljø.

UNGEHJEMKOMITE

Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

HAUS SPAREBANK


Indre Arna - Espeland - Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866

Banken der du bur

—til bygdefolket sitt beste
gjennom 112 år.



-De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —
Gir Dem bistand med et fornuftig og
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

Storebrand-Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSELSKAPET
VESTA HYGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørjes oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

- 26-02: Arna kl. 11: Spr. Tvedt, nattverd.
05-03: Arna kl. 11: Res.kap. Fykse, nattverd.
Arna kl. 19: Ungdomsgudstjeneste ved diakonklokker
Songstad og spr. Tvedt, sang og musikk.
Ytre Arna kl. 11: Spr. Tvedt, nattverd.
12-03: Arna kl. 11: res.kap. Fykse, Kyrkjekoret.
Ytre Arna kl. 19: Ungdomsgudstjeneste ved res.kap.
Ingvar Fykse. Arna Ten Sing.
19-03: Arna kl. 11: Spr. Tvedt, nattverd.
Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Fykse, nattverd.

Overg. fra side 7.

død for vår skuld. Han ofra alt og gav avkall på alt for å kunna gje oss den frelse vi ikkje hadde fortent.

Skulle vi ikkje så kunna forsake litt av vår velstand, om ikkje for anna, så for å syne vår takk?

Fastetida kjem til oss som eit tilbod. Om vi vil bruke den rett, vil Gud kunna lære oss mykje og gje oss mykje gjennom den. *Ingvar Fykse*

Overg. fra side 8.

Som følge av krigshandlingene regner en med at mer enn 600.000 mennesker i løpet av de nærmeste uker og måneder vil være i behov for hjelp hvis ikke lidelse og død skal ramme mange mennesker.

India

I de syklonrammede katastrofearbeidet videre med sterkt engasjement fra Kirkens Nødhjelp's side. Her vil det være behov for hjelpeinnsats i lang tid framover. Tusener av

hjem og hundreder av landsbyer ligger fortsatt i ruiner og menneskene bor i høyst provisoriske leire.

Hjelparbeidet her foregår i samarbeide med Det Lutherske Verdensforbund og med Olav Hodne's medhjelpere fra Calcutta som prosjektledere.

I tillegg til disse nye prosjekter går Kirkens Nødhjelp's hjelparbeide videre i Guatemala, i Abakaliki i Nigeria, i Sudan, i India, Bangladesh og i flyktningeleirene i Thailand.